

FØRING AV FRÅVÆR PÅ VITNEMÅLET

SØKNAD OM FRÅTREKK AV GYLDIG FRÅVÆR PÅ VITNEMÅLET

Viser til endringar i forskrift til opplæringsloven, vedtatt 9. juli 2010, om føring av fråvær på vitnemålet:

"§ 3-41. Føring av fråvær i grunnskolen

Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldra kan kreve at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet.

Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven kreve at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet:

a) dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar

b) innvilga permisjon etter opplæringslova §2-11.

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. **Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast.** Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.

§2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag.

Det er eit vilkår at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den almenne undervisninga etter at permisjonstida er ute."

Innvilga permisjon er permisjon fra undervisninga innvilga av kontaktlærer eller rektor.

----- * -----

Vi ber om at følgjande fråvær ikkje blir ført på vitnemålet for vårt barn:

.....
Namn på eleven årstrinn

Dato: Fråværsgrunn (permisjon/ helsegrunner)
f.o.m. – t.o.m.

.....
.....
.....
.....

Totalt dagar

Vi ønskjer at årsak til fråværet blir ført som vedlegg til vitnemålet: Ja / Nei

.....
Dato underskrift

Skjemaet må leverast kontaktlærer innan 5. juni 2016

FØRING AV FRÅVÆR PÅ VITNEMÅLET
